



DEN NORSKE KYRKJA
Masfjorden sokn

MØTEPROTOKOLL MASFJORDEN SOKNERÅD

TID: Lørdag 17/10- 2020 i pausen på mini seminaret

STAD: Kommunehuset på Sandnes, kommunestyresalen

TILSTADE:

Medlemmer	Rune Garmann	
	Bente Kvamsdal Håvåg	
	Harald Mjanger	
	Rangvald Tangedal	
	Gunnar Andvik	
	Anne Marit Birkeland Fredriksen	
	Maja Aven Dahle	
	Harald Sundsbø	Sokneprest

Vara medlemmer: Jan Otto Daae
Leif Bjarne Haukeland
Annbjørg Ynnesdal

Andre: Eli Eidsnes kyrkjevevje

Desse møtte ikkje: Dina Merete Kallestad Dyrhovden
Aril Andvik
Atle Nordland
Torill Torsvik Størkersen Kommunal representant

Sakliste:

Sak nr. S-2020/21	GUDSTENESTEPLAN FOR 1.HALVÅR 2021
Sak nr. S-2020/22	KLOKKESLETT PÅ GUDSTENESTENE PÅ SANDNES

SOKNERÅDSSAKER

Sak nr. S-2020/21	GUDSTENESTEPLAN FOR 1.HALVÅR 2021
Saksutgreiing	Gjennomgang av gudstenesteplan for 1.halvår 2021.
Konklusjon/vedtak	Soknerådet vedtar forslaget slik det er lagt fram. (Vedlegg 2020-18) Det blir no sendt prosten for godkjenning.

Sak nr. S-2020/22	KLOKKESLETT PÅ GUDSTENESTENE PÅ SANDNES
Saksutgreiing	Vi er inne i ei prøveordning om at gudstenestene på Sandnes startar kl. 12:00. Perioden okt-des 2020 er for svakt grunnlag å bestemme dette på, så staben foreslår at ein utvidar denne prøveordninga til sommaren 2021. <u>FORSLAG TIL VEDTAK:</u> Prøve ordninga med gudsteneste tidspunkt kl. 12:00 på Sandnes vert utvida til å gjelde tom 30/6-21.
Dette skjedde i møtet	Gunnar har fått tilbakemeldingar frå nokre på Sandnes om at det var litt seint. Fleire i soknerådet var einige om at det er for lite grunnlag å ta denne avgjerda no, når ein berre har hatt ei gudsteneste med dette tidspunktet. Og infoen er nett kome ut på fb og i Masfjordingen. Ein einast om at ein vil utvide prøveperioden, men ikkje så langt som til sommaren. Så må det marknadsførast slik at folk veit, og ein kan få eit betre grunnlag å bestemme utifrå til våren.
Konklusjon/Vedtak:	Prøve ordninga med gudsteneste tidspunkt kl. 12:00 på Sandnes vert utvida til å gjelde tom 31/3-21.